

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I JØSNESET BYGDARÅD 29. februar 2016

Møtestart kl 19.00. Stad: Trivselstova. Frammøte ca 20 stk + ordførar Bjørn Laugaland + følgjande frå styret: Odd Fosså, Svanhild Hjorteland Gbada, Rasin Tjeltveit og Sven Westersjø. Servert kaffe/te og marsinpankake.

1. **Val av møteiar:** Odd Fosså og referent : Svanhild H Gbada

2. **Godkjenning av innkalling og sakliste:** Godkjent

3. **Årsmelding Bygdarådet:**

Svanhild gjekk gjennom årsmeldinga: godkjent. Årsmelding var lagt ut på nettsida før møtet; etter ønske frå førre årsmøte. Ein fekk gode tilbakemeldingar ift aktivitetsnivå.

Rekneskap Bygdarådet

Sven gjekk gjennom rekneskapet for driftkonto og bulystkonto jf egne vedlegg Revisor Oddvar Skiftun hadde nokre merknader som blei lest høgt for årsmøtet –forøvrig blei rekneskapet godkjent. Blei òg lagt fram budsjett både for ordinær drift og for Bulystprosjekt - Smashing Jøsneset, egne vedlegg. Ordføraren tipsa om moglegheit for kulturmidlar via Ryfylkefondet – obsobs: kort søknadsfrist. Rasin la fram 17.mai-rekneskapet – med eit par merknader frå revisor blei dette godkjent.

4. **Årsplan 2015:**

Odd la fram forslag til årsplan; jf eige skriv. I tillegg kan kanskje båttur til Førre (som blei avlyst i fjor) bli tatt inn att litt «impulsvt» om værmeldingane er gode. Årsplanen blei godkjent.

5. **Smashing 2016 – laurd 6.aug.**

Styret orienterte om planar så langt , to konsertar kveldstid Leif og Kompisane + Ole Alexander. I tillegg planlegg Ungdomslaget konsert kl 14.00 for barn: Mathea Mari. Godt i gang med planlegging og sponsorar. Viktig å starte blesting om dato og opplegg tidleg. Vil kome til å krevje mykje dugnadshjelp.

6. **Skulebygget :** styret la fram detaljert inventarliste over alle store og små ting som finst i bygningane – med fordeling på kven som eig kva – i den grad ein veit det. Det som var igjen etter utryddinga av skulelokala tilhøyrer bygda. Elles litt drøfting om framtidig drifting; ordførar kunne ikkje informere noko nytt om prinsippssaken for kommunale bygg for fleire bygder – han ventar òg på den saken. Generelt meinte han at det beste for bygga si framtid er at bygga blir brukt; gjerne òg til næringsretta verksemd.

7. **Innlegg ved ordførar Bjørn Laugaland.**

- tykkjer det er viktig og interessant å vere rundt i bygdene og høyre på kva som rører seg
- «ja, eg er SP-politikar! Men: eg er ordførar for **alle!!**» -
- informerte engasjert om diverse vegprosjekt i Ryfylke, og fjordkryssing -viktig for regionen!
- Kommunestruktur: viktig å halde kommunen **samla** – ikkje splitte td her på nordsida.
- Kommuneplanen står for døra: kom med innspel ! - ver aktive på kva samfunn de vil ha.

8. **Årsmelding og rekneskap for Jøsneset bedehus:** Trygve Brandal gjekk gjennom. Årsmøtet tok dette til orientering (lagt ut på nettsida)

9. **Val:** Berit S. Hjorteland la fram valkomiteen si innstilling .Ingen ytra ønskje om skriftleg val og ingen hadde andre forslag. Dette blei samrøystes vedtatt:

Odd Fosså attvald som leiar 1 år. **Unni Fossaa** attvald som styremedlem 2 år. Marit Wyller nytt styremedlem 2 år (Svanhild H Gbada gjekk ut, Sven Westersjø og Rasin Tjeltveit var ikkje på val. **Oddvar Skiftun** attvald som revisor 2 år. **Knut Foss** attvald som vara for 1 år, **Jarle Langvik** ny vara for 1 år. **Silje Sværen** nytt medlem i valkomiteen saman med Berit S Hjorteland og Cesilie Wåland (Paul Olav Skiftun gjekk ut)

10. **Eventuelt** : Svanhild Hjorteland Gbada blom/takk for 2 år i styret. Kan fortsetje i nettsideredaksjonen.

Møteslutt ca 21.45.

Skiftun 05.03.2016.

Svanhild Hjorteland Gbada, referent.

